

HOVDUTSKRIFT

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 31. januar 2020

Tidspunkt: kl. 0900 – 1100

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margareth Leinebø, Truls Håbakk, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S01/20 – S10/20

Vedtaksaker:

SAK NR S01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S02/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 12. DESEMBER 2019

Tilråding til vedtak:

Protokollen frå telefonstyremøtet 12. desember 2019 vart godkjend og signert.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Protokollen frå telefonstyremøtet 12. desember 2019 vart godkjend og signert.

SAK NR S03/20
GJENNOMGANG OG UTFORMING AV STYREPROTOKOLLAR

Sidan krava til offentlegheit stadig aukar, med påfølgande innsynskrav, må styret vurdere korleis offisielle saklister og protokollar i styret i grove trekk skal sjå ut. Ut i frå den type selskap SSR er, vil alle store og viktige saker bli handsama i representantskapet – og der er alt fullt offentleg.

Til dette styremøtet ligg det føre følgjande:

- Innkalling / sakliste (1 side)
- Protokollen (hovudutskrifta)
- Vedlegg (som tidvis blir unntatt offentlegheit – jfr. offentleglova § 14, 1. ledd)

Administrasjonen meiner at dette bør vere ein grei måte å handsame offisielle dokument også for framtida.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at det i høve styremøta blir laga ei innkalling / sakliste og ein protokoll. Protokollen blir etter signering lagt ut på selskapet sine nettsider. Alle vedtak skal plasserast i den offentlege protokollen.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at det i høve styremøta blir laga ei innkalling / sakliste og ein protokoll. Protokollen blir etter signering lagt ut på selskapet sine nettsider. Alle vedtak skal plasserast i den offentlege protokollen.

SAK NR S04/20
SLAMSITUASJONEN

Slamsituasjonen er velkjend for styret: Det er komande utfordringar både på sjølve slamtøminga og på moglege nedstraumsløysingar. I ein slik situasjon må styret vere proaktive, og endring av verdikjeda og eigne avtaler er den naturlege vegen å gå.

Sjå vedlagde tilleggsinformasjon – unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret ser at situasjonen innanfor slamrådet er kritisk og vedtar at selskapet gjer endringar i verdikjeda når noverande kontrakter er avslutta. Dersom det er føremålstenleg kan selskapet samarbeide med andre selskap og kommunar om dette.

Styrehandsaming:

Styret vil, til neste styremøte, ha meir utfyllande informasjon om viktige punkt.

Vedtak, samr.:

Styret er prinsipielt positive til å gjere endringar i verdikjeda for slamhandtering, men ønskjer meir dokumentasjon og informasjon før endeleg vedtak blir gjort på neste møte. I dokumentasjonen skal det vere utfyllande informasjon om strategi, risiko, backup, budsjett/økonomi, bilar/utstyr, nedstrømsløyser og miljømessige konsekvensar.

SAK NR S05/20 STYREEVALUERING

Val av styre er ei av sakene som skal opp i representantskapet i mai 2020.

Representantskapet gjorde følgende val i 2019:

- George Fulford (vald for 1 år, på val i 2020 – vald som styreleiar til 2020)
- Håkon Vestnes (ikkje på val, på val i 2020 – vald som nestleiar til 2020)
- Edel K. Goksøy (vald for 1 år, på val i 2020)
- Margaret Leinebø (ikkje på val, på val i 2020)
- Truls Håbakk (ikkje på val, på val i 2020)
- Anne Holstad (vald for 2 år, på val i 2021)
- Ole Andreas Sæther (tilsette sin representant i styret)

Elles brukar styret å diskutere samarbeid internt i styret og med administrasjonen, sakspapir / protokollar (jfr. tidlegare sak), møteavvikling, etc.

Vedlagt ligg eit eige evalueringsskjema. Dette er naturleg nok unntatt offentlegheit – jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtaket i fjor var følgende:

«Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.»

Dette er ei diskusjonssak i styret, og ut i frå saka sin art legg ikkje administrasjonen fram tilråding til vedtak.

Tilråding til vedtak:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

SAK NR S06/20
OPPSUMMERING ETTER VAR-KONFERANSEN

VAR-konferansen på Quality Hotel Ulstein 29. – 30. januar 2020 er akkurat avslutta – og ein sit igjen med mange inntrykk, idéar og innspel som skal sorterast. Konferansen må diskuterast litt i styret, der vegen vidare blir det viktigaste. Sidan denne saka er skriven før konferansen, ligg det ikkje føre ei tilråding. Det kan også godt hende at det kjem fram mykje nytt og interessant på konferansen – som igjen vil få innverknad på det vidare arbeidet.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.

Styret tar saka til vitande og støttar den planlagde vegen vidare.

SAK NR S07/20
SAK OM NÆRING

I denne saka handlar det om å utvide næringsverksemda – som er eit av fleire mål ein arbeider etter. Sidan saka er såpass fersk som den er, der all ny og tilgjengeleg informasjon blir drøfta på styremøtet, er den foreløpig lagt fram som ei orienteringssak utan tilråding – som kan bli endra til ei vedtakssak på møtet.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret vedtar å arbeide vidare med andre løysingar enn den som låg i informasjonen som vart framlagt på møtet.

SAK NR S08/20
ORGANISASJON

Vedlagt er eit oppdatert organisasjonskart pr. d.d. Dette er foreløpig rekna som eit organinternt dokument unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Første del, administrasjonen, er rimeleg greit, medan det er nokre diskuterbare punkt på utedelen. Kartet vil bli forklart på møtet. Administrativ sårbarheit er under utgreiing.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

**SAK NR S09/10
STRATEGI – TILTAKSPLAN**

Sjå vedlagde og oppdaterte prosjektmatrise. Dette er eit organinternt dokument unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Dokumentet tar for seg strategiske oppfølgingssaker og blir jamnleg oppdatert.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

**SAK NR S10/20
DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Papirprisane / marknadssituasjonen på papir.
- Auka ferjetakstar.
- Samarbeid i regionen.
- Oppdatert møteplan for 2020.
- Hovudtal frå kundeundersøkinga for 2019.
- P.g.a. auka avfallsmengder bør ein snart vurdere antalet krokbiar.
- Eventuelt.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande, men vil gjerne legge inn årshjulet i møteplanen. I tillegg blir tidspunktet for neste styremøte endra til kl. 10.00.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 31. januar 2020


George Fulford
styreleiar


Håkon Vestnes
nestleiar



Margareth Leinebo


Edel K. Goksøyr


Truls Håbakk


Anne Holstad


Ole Andreas Sæther


Einar Heimdal
dagleg leiar